

Referat frå ressurs- og styringsgruppemøte for Læringsnettverket

Dato: 21.09.2021 Stad: Clarion Hotel Bergen Airport

Sak:	Agenda/Tema:	Status/konklusjon:	Konklusjon/ ansvar og tidsfrist:
1.	Presentasjon og godkjenning av agenda	<p>Presentasjon. På dette møtet er både hovudrepresentantane og vara for styringsgruppa og ressursgruppa invitert. Mykje av formålet med dette eine fysiske møtet i år, er å bli litt betre kjent med kvarandre og dei organisasjonane vi representerer.</p> <p>Vi startar med dei sakene på sakslista som vedgår kompetansemiljøa mest, sidan fleire barnevernleiarar vert med på siste del av møtet.</p> <p>Agenda godkjent.</p> <p>Anette Iversen ved UiB informerer om at dei no har fem studentar som er godt i gang med samarbeidet med utviklingsprosjektet om «Vestlandsmodellen». Vidare gjer ho merksam på moglegheita for å söke om offentleg finansiert Ph.d. for dei som er tilsett i kommunen. Om nokon er interessert i å skrive ein Ph.d. innanfor barnevernrelaterte tema kan dei ta kontakt.</p>	Konklusjon: Agenda godkjent Orienteringssak
2.	Spørsmål til drøfting: 1. Korleis kan gjere produkta som vert utvikla gjennom utviklingsprosjekta tilgjengelege for kommunane i nettverket? 2. Kva er i så fall lurt å tenke på, og korleis kan vi gjere dette på hensiktsmessige måtar?	<p>Innleiing Etter kvart er det fleire prosjekt som er i sluttfasen av prosjektpериодen, og fleire av prosjekta i nettverket har utvikla malar, modellar og kursinhald som også andre kommunar og utviklingsprosjekt er interessert i.</p> <p>Fleire av prosjekta har fått spørsmål om å dele det dei har utvikla, noko som reiser spørsmål som vi ynskjer å drøfte i dette møtet.</p> <p>Nokre konkrete døme er Haugesund prosjektet som har utvikla «Ein god start», en opplæringspakke for fosterforeldre, dei er også i gang med å utarbeide ein oppfølgingspakke for biologiske foreldre. Vidare er eit anna eksempel prosjektet som har arbeida med å utvikle ein modell for undersøkingsarbeid i familiar med høg konflikt mellom foreldre, «Vestlandsmodellen». Begge desse prosjekta er nå i gang med uttesting og implementeringsaktivitetar i dei kommunane som har vore med i prosjektgruppa. Samstundes er det andre kommunar som har teke kontakt og ønska opplæring og å prøve ut «Ein god start» og «Vestlandsmodellen».</p> <p>Dette reiser mellom anna spørsmåla:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Opplæring og implementeringsaktivitetar i andre kommunar vil krevje personalmessige ressursar frå prosjektgruppa. - Er «produkta» modne for deling enda? Kanskje dei bør testast ut, evaluerast og justerast slik at ein veit meir om dei tener det formålet dei var tenkt? 	Drøftingssak Dette er ikke enkle spørsmål, og vi treng meir tid til å tenke og reflektere saman over desse spørsmåla. Konklusjonar Alle tek med seg dei spørsmåla vi her har drøfta tilbake til eigne kompetansemiljø og kommunar. Vi set desse tema opp igjen på sakslista både i styrings- og ressursgruppa. Bente C frå SF vil fortsette arbeidet med å lage en mal for sluttrapportering for utviklingsprosjekta. Vi tek med oss desse drøftingane og forslaga inn i planlegginga av våre aktivitetar for 2022. Til

	<ul style="list-style-type: none"> - Bør ein undersøke effekten av å bruke det som er utvikla i praksis? Fører det til ønska endring i praksis og betre tenester for barn og unge? - Er det greitt å gjere produkta tilgjengeleg for andre, utan å tilby opplæring i korleis dei var meint brukt? Kan da andre berre bygge vidare på det som er utvikla og gjere det til sitt? - Det vil i så tilfelle gjere det meir utfordrande å undersøke korleis dei verkar i neste runde, da bruken truleg blir meir ulik i dei forskjellige tenestene. - Dersom prosjekta skal tilby opplæring til andre kommunar vil det truleg også koste pengar, kan ein söke stimuleringsmidlar til slik aktivitet? - Vi ynskjer ein delingskultur i nettverket, kva kan være hensiktsmessige måtar å gjere dette på? - Bør vi ha retningslinjer for dette i nettverket, eller bør dette være opp til det einskilde utviklingsprosjekt og vurdere korleis dei vil gjere dette. - Kan kompetansemiljøa ha og ta ei større rolle i dette? Kanskje med tanke på dette med arbeid med implementering, evaluering, følgeforsking? - Treng vi ein stad der dei produkta, kunnskapen og erfaringane som vert gjort i prosjekta gjerast tilgjengeleg? 	<p>dømes vil dette med implementering være eit aktuelt tema for ei samling i 2022.</p> <p>Linda v/RTVS lager forslag til postermal til neste ressursgruppemøte.</p>
	<p>Innspel i drøftinga kring desse spørsmåla</p> <p>Vi er samde om at det er eit klart mål og ynskje å ha ein delingskultur i nettverket. Vidare at det er flott at fleire kommunar er interessert, at ein kan lære av kvarandre og bli inspirert på tvers av prosjekt og kommunegrenser.</p> <p>Fleire peikar på at det kan være uhensiktsmessig bruk av tid og ressursar å distribuere modellar, malar og kursinhald før dette er testa ut og evaluert i dei kommunane som har utvikla produkta. På den andre sida kan ein ikkje tenke at alt som vert utvikla skal forskast på, for å undersøke om det har effekt og er evidensbasert. Rammene er ikkje til stades for at det skal være mogleg. Er det mogleg å finne ein fornuftig middelveg i dette?</p> <p>Det er viktig å legge inn mekanismar i prosjekta som sikrar at ein gjer vurderingar av om det ein har laga, verkar slik det var meint, at ein evaluerer og justera produkta. Her kan kompetansemiljøa ha ei viktig rolle. Kompetansemiljøa kan bli enda meir bevisst i startfasen i prosjekta, slik at ein allereie frå start har planar for uttesting, evaluering og ein plan for implementeringsarbeidet. Her kan også studentar være ein viktig ressurs i prosjekta. For eksempel til å gjere før og etter undersøkingar, følgje evalueringar og ulike implementeringsaktivitetar.</p> <p>Eit godt døme på eit prosjekt som arbeide systematisk og godt med dette med evaluering og spreiling av sitt produkt, var prosjektet der dei utvikla ein mal for dokumentasjon av samtaler med barn. Bergen var vertskommune for dette prosjektet, og hadde samarbeid med Høgskulen på Vestlandet. Dei sökte stimuleringsmidlar til å informere om modellen, gje</p>	

	<p>opplæring i, og evaluere korleis malen fungerte i fleire kommunar. Dei evaluerte og justerte i fleire rundar. Kanskje vi kan invitere dei til å fortelje korleis dei arbeidde og tenkte i denne fasen av sitt prosjekt på ein av samlingane våre i 2022?</p> <p>Mange var opptatt av dette med å ha ein stad der vi kan samle dei produkta som vert utvikla slik at dei vert gjort tilgjengelege og kjent. Det er truleg fleire kommunar og prosjektgrupper som sit på kvar si tue og arbeidar med mykje av det same. Fint om ein kan ta kontakt med kvarandre for å bli inspirert, utveksle erfaringar og kanskje bygge vidare på det andre har gjort framfor å gjøre det same på nytt. Det har vore spelt inn fleire gongar til Bufdir eit forslag om å lage ein nasjonal digital portal. Så langt har dei inga plan om å etablere dette. Alternativet kan være at kvart fylke gjer informasjon om prosjekta tilgjengeleg på sine nettsider for læringsnettverka.</p> <p>Vi har allereie fleire arenaer som synleggjer prosjekta som utviklast. Desse er blant anna samlingar i regi av Læringsnettverket der prosjektgruppene legg fram sine prosjekt, nasjonalt digitalt nettverk for fosterheimsprosjekta og gjennom oversikt på nettsida til Statsforvaltaren. På nettsida ligg ei kort skildring av kvart prosjekt og kontaktinformasjon til barnevernleiar for vertskommunen og prosjektleiar.</p> <p>I tillegg kan det være aktuelt å lage ein mal for korleis prosjekta skal rapportere når prosjektperioden er ferdig, og at denne kan gjerast tilgjengeleg til dømes på nettsida for læringsnettverket. Eit anna forslag var at kvart prosjekt lagar ein slags fysisk/digital postermal der hovudtrekka i kvart prosjekt kjem klart og enkelt fram. Desse kan gjerast tilgjengeleg både digitalt og fysisk på samlingane.</p> <p>Kanskje det òg kan være mogleg å presentere prosjekta og/eller gje opplæring i produkta som er utvikla via nettportalar som blant anna DigiBarnevern eller Visma? KS har laga nokre gode kurs og videoar som en kan sjå på for inspirasjon.</p>	
	<p>Prosjektstøtterigg og årshjul for prosjektstøtte</p> <p>Unni frå RKBU Vest, Berit frå Bufetat og Bente C. frå SF har utarbeida ein oversikt over dei aktivitetane som vi har utvikla for å støtte utviklingsprosjekta i sitt arbeid. Her har vegn blitt til mens vi har gått, men nå byrjar fleire av aktivitetane å «sette seg». Formålet med å lage denne oversikta var å gjøre det meir forutsigbart for kommunane og prosjekta kva slags støtte dei kan få tilbod om. Eit anna formål er å gjøre det enklare å drøfta kva aktivitetar vi treng å ha, om noko overlappar kvarandre, om det er fleire frå kompetansemiljøa som kan bidra inn med sin kompetanse og kapasitet, og drøfte om det er behov vi ikkje klarer å dekkje med dei aktivitetane vi så langt har. Det går òg fram av oversikta kven som har ansvaret for gjennomføring av dei ulike aktivitetane.</p> <p>Tanken er at vi også nå fram mot nyttår skal starte planlegginga av våre aktivitetar for 2022. Vi håpar å kunne</p>	<p>Konklusjon</p> <p>Einigkeit om at vi held fram med dei aktivitetane som no er etablert, gjer oversikta tilgjengeleg på nettsida for læringsnettverket. Vi tek opp på neste møte om det er behov for justeringar etter innspelsrunden frå kommunane. Vi legg òg ut oversikta over aktivitetane i prosjektstøtteriggen</p>

	<p>lege fram oversikta for alle kommunane og utviklingsprosjekta på samlinga vår dei neste dagane, slik at vi kan få direkte innspel på dei aktivitetane vi har hatt, og om det er andre ting dei opplever at dei treng.</p> <p>Bente C. presenterte innhald, målgruppe og formål med dei ulike aktivitetane i «prosjektstøtteriggen». Det er også laga ei oversikt over dei aktivitetane som er gjennomført for prosjektstøtte i 2021, slik at vi kan ta utgangspunkt i dette for planlegging og eventuelle justeringar for 2022. Desse tenker vi også å legge ut på nettsida, slik at prosjekta har alle datoar for dei planlagde aktivitetane. Vi meiner at prosjektstøtteriggen nå inneholder gode tilbod som fleire av utviklingsprosjekta har gjeve gode tilbakemeldingar på, og som møter fleire av dei behova som vi har fanga opp at utviklingsprosjekta har hatt fram til no. Vi trur at oversikta gjer aktivitetane meir tilgjengelege og føreseielege, og at det kan bli lettare å justere om vi fangar opp at det er behov for annan støtte.</p> <p>Vi avgjer at vi legg dette fram på samlinga for å få innspel frå kommunane, og at det er rom for å justere innhaldet etter kva fase dei ulike prosjekta er i. Til dømes vil truleg fleire trenge at vi har meir merksemrd mot implementeringsaktivitetar no i 2022. Eit anna stadig tilbakevendande tema er korleis sikre god nok forankring og oppfølging frå leiinga i prosjektkommunane. Dette tema vert sett på agendaen i morgen under samlinga i ein av grupperefleksjonane.</p>	<p>for 2021 på nettsida. På neste møte i ressursgruppa lagar vi ein ny oversikt med datoar for aktivitetane vi planlegg i 2022.</p>
6.	<p>Drøfte forslag til mal til samarbeidsavtale mellom kompetansemiljø og utviklingsprosjekt:</p> <p>Ressursgruppa og Bente C. har fått ein del tilbakemeldingar frå både prosjektgruppene og kompetansemiljøa på at det ofte er utfordringar i oppstarten av samarbeidet mellom eit utviklingsprosjekt og eit kompetansemiljø. Nokre gongar handlar det om at kommunane ikkje heilt veit kva dei skal og kan be kompetansemiljøa om hjelp og støtte til. Andre gongar handlar det om uklare avtalar og ulike forventingar til kvarandre. Forskjellane i kompetansemiljøa sine mandat, oppdrag, kapasitet, samt ulik erfaring med å samarbeide med utviklingsprosjekt kan nok også spele inn. For å forsøke å bidra til ein betre start og mindre frustrasjon i desse prosessane, vart vi for ei tid tilbake einige om å forsøke å lage ein mal for samarbeidsavtale mellom utviklingsprosjekt og kompetansemiljø. Utkast til denne malen er nå laga, og alle har fått utdelt eit eksemplar saman med agendaen for i dag. Alle kan komme med forslag til justeringar i møtet eller i etterkant. Det er sjølv sagt heilt frivillig om prosjekta ynskjer å ta malen i bruk, og den er laga slik at ein kan velje å ta med dei avsnitta som passar for det aktuelle prosjektet.</p> <p>Vi har også tidlegare drøfta om vi skal forsøke å få til ein mal for dette med å sende spørsmål frå utviklingsprosjekt til kompetansemiljø med ønske om hjelp og bistand. Dette for å gi kommunane litt hjelp til å spisse førespurnadane sine, og kanskje samstundes få litt rettleiing på kva det kan være aktuelt å be om hjelp til.</p>	<p>Konklusjon: Bente C. sendar ut forslag på mal for samarbeidsavtale og førespurnad til kompetansemiljø til medlemmene av styrings- og ressursgruppa for innspel og rettingar. Når eventuelle justeringar er gjort, sender vi malane ut til prosjektgruppene og kompetansemiljøa. Dei kommunane og kompetansemiljøa som ynskjer det kan teste desse ut. Vi vil sette opp evaluering av korleis malane fungerer på sakslista hausten 2022.</p> <p>Utteesting av ordning der aktørane i ressursgruppa saman</p>

		<p>Ein annan gevinst kan være at kompetansemiljøa lettare kan snakke saman om førespurnadane frå utviklingsprosjekta, og vurdere korleis dei best kan nytte dei ressursane og kapasiteten som dei har, slik at flest mogleg av prosjekta får den hjelpa dei treng.</p> <p>Denne moglegheita vart drøfta. Kompetansemiljøa kom fram til at dei ville forsøke dette, i dei høva dei tek i mot meir omfattande førespurnadar om hjelp. Den som er mottakar for førespurnaden vil sende kopi av førespurnaden til hovudrepresentantane i ressursgruppa, og invitere til eit teamsmøte for å drøfte korleis ein eller fleire kompetansemiljø kan gje god hjelp til prosjektgruppa. Vi vil teste denne ordninga ut i eit halvt års tid, før vi gjer ei evaluering.</p>	vurderer større førespurnadar frå utviklingsprosjekta.
7.	Utvidet ressursgruppemøte med Rogaland 7. oktober:	<p>Det er innkalla til utvida ressursgruppemøte saman med Rogaland den 7. oktober 2021. Hensikten er å dele erfaringar, samt drøfte om det er aktivitetar ein kan gjøre felles. På møte vil også prosjektstøtteriggen i Vestland og i Rogaland bli lagt fram, gode eksemplar der ein har klart å utnytte ressursane våre godt, og ønske om ein idémyldring og refleksjon kring korleis ein kan møte behova som kommunane og utviklingsprosjekta har på ein smart måte. Bente C. legg fram forslag til agenda. Medlemmane av styringsgruppa kan fram i mot møte gje innspel og eventuelle forslag til endringar på agendaen.</p>	Konklusjon: Medlemmar av gruppene les gjennom agenda og gjer tilbakemeldingar på mail til Bente C. om dei har forslag til justeringar.
8.	Barnevern- og oppvekstreform – status nå i Vestland	<p>Bente C. gjev kort informasjon om arbeidet kring barnevern- og oppvekstreforma. Denne hausten blir det mest merksemd mot kompetanseoverføringa frå Bufetat til kommunane på fosterheimsområdet, korleis vi kan støtte kommunane og barneverntenestene i førebuingane, og særleg knytt til dei tverrfaglege aspekta ved reforma, det å sjå tenester og tiltak til barn, unge og foreldre i kommunane i samanheng. Vi planlegg fleire aktivitetar i haust som skal forsøke å understøtte desse prosessane. To tverrfaglege leiarsamlingar den 13. og 27. oktober og ei digital samling for alle som arbeider med barn, unge og foreldre i kommunane 18. og 19. november. Elles ventar vi på tenestekatalogen for hjelpetiltak skal publiserast. Bufdir seier at den snart er klar. Vi vil komme tilbake til fleire av desse tema dei neste to dagane.</p> <p>Det vert vidare drøfta korleis nettverket ytterlegare kan stimulere til auka tverrfagleg samhandling. Forslag om å vise fram konkrete eksempler frå ulike kommunar i nettverket. Erfaringsdeling kan bidra til inspirasjon og synleggjere moglegheiter. Dette vil vi legge til rette for på samlingane i oktober og november. Forslag til kommunar det kan være aktuelt å be om å dele sine erfaringar, kan spelast inn til Bente.</p>	Orienteringssak Konklusjon Vi legg til rette for at kommunane kan komme med innspel til kva dei treng frå læringsnettverket knytt til arbeidet med reforma og ny barnevernlov gjennom refleksjonsoppgåvene i morgen. Desse tek vi med oss videre inn i planlegginga av vår aktivitet for 2022.
9.	Planlegge barnevernleiar og læringsnettverkssamlinga	Bente C. legg fram program for samlinga og repeterer deling av oppgåver som vart bestemt på sist møte.	Konklusjon Vi er klare og gleder oss til samling.

		Vidare vert det orientert om smittevern under samlinga, og grunngjeving for at vi har laga bordkort og faste sitteplassar under samlinga. Det er 122 påmeldt til samlinga og dei aller fleste kommunane i Vestland er representert.	
10.	Felles tverrfagleg dagsamling i regi av læringsnettverket, i Bergen og Førde	<p>Bente C. legg fram plan for gjennomføring av samlingane 13. oktober i Bergen, og tilsvarende samling 27. oktober i Førde. Hensikta med desse samlingane er å følgje opp nokre av dei innspela me fekk i vår frå leiarane i barneverntenestene. Dei ønska seg dra-hjelp for å gjere reforma, og implikasjonane av den kjent også for dei andre tenestene som møter barn og unge i kommunane. Det er om lag 70 påmeldte til samlinga i Bergen, og det er framleis to veker til påmeldingsfristen går ut.</p> <p>Forslag om at kompetansemiljøa snakkar saman for å sikre at det er nokon representantar for ressursgruppa til stades ved begge arrangementa.</p> <p>Kompetansemiljøa vil legge fram sin felles presentasjon også på desse to samlingane. Presentasjonen er litt justert for å rette fokuset særleg mot samarbeid, koordinerte tenester og forebyggande innsats som treff fleire av dei kommunale tenestene.</p>	Orienteringssak
11.	Statsforvaltaren i Vestland arrangerer tverrfagleg digital samling for dei som arbeider med barn, unge og foreldre i kommunane i Vestland 18. – 19. nov. 2021	<p>Tema for desse to dagane blir oppvekstreforma, nytt lovverk, førebygging, tidleg innsats, tverrfagleg samarbeid og teneste- og tiltaksutvikling på tvers av tenesteområde og kommunegrenser.</p> <p>Dette er meint som en oppfølging av samlingane vi har for leiarar i oktober, same tema – men ei større målgruppe.</p>	Orienteringssak Meir informasjon om samlinga ligg på nettsidene til Statsforvaltaren. Påmeldinga er opna.
12.	Tidspunkt og agenda til neste møte i styringsgruppa og neste møte i ressursgruppa	<p>Neste møte i ressursgruppa 10.11.2021 frå kl. 13.00 – 15.00 på teams. Saker: planlegging av aktivitetar i nettverket og prosjektstøtteriggen 2022. Fortsette drøftinga kring råd for deling på tvers av utviklingsprosjekt og kommunar.</p> <p>Neste møte i styringsgruppa forslag om ny dato 16.11.2021 Saker: Gå gjennom status i utviklingsprosjekta, gjennomgå tilbakemeldingane frå kommunane etter refleksjonsgruppene den 22. september og planlegging av aktivitetar i nettverket, lage utkast til årshjul for 2022.</p> <p>Alle kan spele inn saker til agenda for begge møta på e-post til Bente C.</p>	Konklusjon Hovudrepresentanten i styringsgruppa gjev tilbakemelding til Bente C. på om ny dato for styringsgruppemøte er ok innan 10.10.2021. Bente C. sender ut møteinkalling og forslag til agenda til møta.

Hovudrepresentantar i styringsgruppa:

Navn:	Kontakt informasjon:	Barnevernteneste/organisasjon	Deltok på møtet:
Bjarte Gangeskar	bjarte.gangeskar@stad.kommune.no	Stad	Nei
Randi Pedersen	randi.pedersen@kvinnherad.kommune.no	Kvinnherad	Ja
Monica Loen Grov	Monica.Loen-Grov@sunnfjord.kommune.no	Sunnfjord	Ja
Elin Fossåen	elin.fosaaen@ullensvang.kommune.no	Hardanger	Nei
Torill Svendsen	Torill.Svendsen@askoy.kommune.no	Askøy	Ja
Anita Fonnes	Anita.Fonnes@bergen.kommune.no	Bergen	Ja
Unni Strandman	unst@norceresearch.no	NORCE RKBU Vest	Nei
Linda Renate Kvalvik	linda.renate.kvalvik@helse-bergen.no	RVTS Vest	Ja
Bente Cecilie Foss	fmhobcf@statsforvalteren.no	Statsforvaltaren	Ja
Berit Hognestad Haaland	berit.hognestad.haaland@bufetat.no	Bufetat region Vest	Ja

Vara for styringsgruppas medlemmer

Namn	Kontakt informasjon	Kommune/organisasjon	Deltok på møtet:
Owe Myklebust	Owe.myklebust@haugesun.kommune.no	Haugesund	Ja
Kjersti Kløck	kjeklo@kvam.kommune.no	Kvam	Nei
Laila Grøn-Jensen	Laila.Gronn-Jensen@oygarden.kommune.no	Øygarden	Nei
Jørund Tvedt	Jorund.Tvedt@stord.kommune.no	Stord (SIB)	Nei
Gerd Ynnesdal	gerd.ynnesdal@gloppen.kommune.no	Gloppen	Nei
Elisabeth Abelvik	Elisabeth.Abelvik@bergen.kommune.no	Bergen	Nei
Marte Knag Fylkesnes	maf@norceresearch.no	NORCE RKBU Vest	Nei
Marita Brekke Skjelvan	mariskje@hvl.no	Høyskolen på Vestlandet	Nei
Carol Kjøpstad Vangsnæs	carolkjopstad.vangsnes@bufetat.no	Bufetat	Ja
Silje Samland	fmsfsisam@statsforvalteren.no	Statsforvaltaren i Vestland	Ja
Anne Marit Høyem	ahoy@norceresearch.no	NORCE RKBU Vest	Nei

Medlemmar i ressursgruppa:

Namn:	Representerer:	Deltok på møtet:
Marita Brekke Skjelvan	Høyskolen på Vestlandet	Nei
Linda Renate Kvalvik	RVTS	Ja
Jorid Bjørkås	NUBU	Nei
Astrid Toft	KS Vestland	Ja
Berit Hognestad Haaland	Bufetat	Ja

Unni Strandman	NORCE – RKBU Vest	Nei
Heidi Eriksen Losnedal	Barnehuset i Bergen	Ja
Brita Leivestad	KoRus	Ja
Anette Christine Iversen	Universitetet i Bergen - HEMIL	Ja
Torill Svendsen	Askøy kommune	Ja
Bjarte Gangeskar	Stadt kommune	Nei
Bente Cecilie Foss	Fylkesmannen i Vestland	Ja

Vara for ressursgruppas medlemmer:

Namn	Represepterer:	Deltok på møtet:
Louise Bratlie	Bufetat	Nei
Hege Sundt	Høyskolen på Vestlandet	Nei
Frode Kyrkjebø	KS Vestland	Nei
Bente Styve Pettersen	NUBU	Nei
Ragnhild Bjørknes	Universitetet i Bergen - HEMIL	Nei
Marte Knag Fylkesnes	NORCE – RKBU Vest	Nei
Randi Abrahamsen	KoRus	Ja
Eirin Baugstø	Barnehuset i Bergen	Ja
Cathrine Eide	RVTS	Nei

Referat skrevet av Bente Cecilie Foss og Silje Samland den: 03.10.2021

Referat godkjent av møtedeltakarane den: 18.10.2021